

Influensa- og koronavaksine til gravide

Influensa- og koronasjukdom er like vanleg blant gravide som blant andre, men gravide har høgare risiko for å bli alvorleg sjuke. Sannsynet for alvorleg sjukdom aukar utover i svangerskapet. Alvorleg sjukdom hos mor utgjer også ein fare for fosteret. Vaksine til gravide beskyttar både mor og barn.



Tilråding til gravide

- Gravide i 2. og 3. trimester blir tilrådd vaksine mot både influensa og korona før vintersesongen.**
- Gravide i 1. trimester blir tilrådd vaksine dersom dei også tilhører ei anna risikogruppe.**

Tilrådinga gjeld for haust- og vintersesongen 2024/2025.

Beskyttar mor

Studiar viser at vaksinane gjev like godt vern for gravide som for andre friske vaksne.

Beskyttar barnet

Spedbarn har høgare risiko for alvorleg korona- og influensasjukdom enn større barn og vaksne. Vaksine til mor i svangerskapet, gjev barnet vern det første halvåret etter fødsel. Vaksinasjon mot influensa- og/eller koronasjukdom i svangerskapet gjev ikkje auka risiko for abort, tidleg fødsel eller skadar på fosteret.

Om vaksinane

Vaksinane blir gjevne som éin dose. Dei inneheld ingen levande virus og kan derfor ikkje gje influensa- eller koronasjukdom. Influensa- og koronavaksinane vernar ikkje mot andre virus og bakteriar, som kan gje liknande symptom.

Vaksinane inneheld ikkje konserveringsmiddel.

Biverknader

Alle vaksinar kan gje biverknader, men ikkje alle får det. Dei vanlegaste biverknadene av influensa- og koronavaksinane

er å bli øm, raud og hoven på stikkstaden, og å få feber, lett sjukdomskjensle, bli utmatta og få muskelsmerter. I tillegg opplever enkelte hovudverk, diare, leddsmærter, og kvalme. Koronavaksine kan gje noko kraftigare og hyppigare biverknader enn influensavaksine.

Biverknadene kjem som oftast 1–2 dagar etter vaksinering, og kan vare opp til 3 dagar.

Alvorlege biverknader og allergiske reaksjonar er svært sjeldne etter vaksinasjon med influensa- eller koronavaksine. Om du er usikker på eventuelle symptom eller kor lenge desse varer etter vaksinering, ta kontakt med lege.

Kvar kan eg ta influensa- og koronavaksine?

Sjekk med jordmor, lege eller på kommunen sine nettsider.

Meir informasjon

Meir informasjon om influensa, korona og vaksinering er tilgjengeleg på:
www.fhi.no/influensavaksine og
<https://www.fhi.no/rad-for-gravide-og-ammende>



Dette informasjonsarket kan du laste ned frå fhi.no/voksenvaksinasjon